

Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatns åpningstale for Van Mijenfjorden Nasjonalpark 29.06.2021.

Kjære alle saman!

Velkommen til opninga av Van Mijenfjorden nasjonalpark!

Det er ikkje kvar dag ein Klima- og miljøminister får høve til å opne nær 3000 kvadratkilometer med ny nasjonalpark. At det skjer her i Svea, kor det største prosjektet for restaurering av norsk natur no blir gjennomført, gjer ikkje gleda mindre!

Van Mijenfjorden nasjonalpark, som er det nye namnet, speglar Van Mijenfjordens viktige økologiske funksjon og sentrale posisjon i den utvida parken.

Vern er ein av dei lange linene i norsk svalbardpolitikk. Då Svalbard blei ein del av Noreg i 1925, overtok vi ei øygruppe der naturen var sterkt prega av overutnytting. Grønlandskvalen var nær utrydda av fangst i hundreåra etter at Wilhelm Barents fann vegen hit i 1596. Kvalrossen var også borte frå det meste av Svalbards kystar. Det var berre om lag 1000 reinsdyr att, og bestandane av gjess var sterkt reduserte etter lang tid med uregulert jakt.

Noko av det første norske styresmakter gjorde i 1925 var å frede reinsdyra. No, nær 100 år seinare, er talet på reinsdyr tjue-dobla. Kvalrossen vart freda i 1952, og isbjørnen i 1972. Året etter, i 1973, vart over halvparten av øygruppa verna som naturreservat og nasjonalparker.

I 2002 trådde svalbardmiljølova i kraft, og i åra frå 2002 til 2006 blei ein bolk med nye verneområde oppretta. Det blei gjort blant anna for å sikre dei isfrie dalføra på det sentrale Spitsbergen, som er dei biologisk rikaste og mest produktive landområda på Svalbard.

I dag kan vi konstatere at bestandane av rein, isbjørn, kvalross og gjess er bygde opp att, og at økosystema i mange høve er meir intakte enn dei har vore på hundrevis av år. Grønlandskvalen er det fortsatt ikkje manga av, men også der ser vi teikn til betring.

Fram til fredinga av isbjørnen og opprettinga av dei store nasjonalparkane på 1970-talet var det overutnytting av pattedyr og fugl i havet og på land som var hovudproblemet. I tillegg fekk ein på 1960-talet ei auka interesse for oljeleting på Svalbard. Med fredinga av dyrelivet, nye verneområde og eit strengt miljøregelverk, vart naturen etter kvart høveleg godt beskytta både mot hausting og nye naturinngrep.

Slik sett har miljøvernet på Svalbard vore ein suksess. Noreg har utan tvil tatt det ansvaret svalbardtraktatens artikkel 2 gir oss for å *"sikre bevarelsen og – om nødvendig – gjenoprettelsen av dyre- og plantelivet innen de nevnte områder og deres territoriale farvann", som det står skreve på bokmål.*

Ein av dei nye nasjonalparkane som vart oppretta på 2000-talet var Nordenskiöld land nasjonalpark, som no blir utvida.

Frå før inneheld denne parken Reindalen, som er det største av dei isfrie dalføra på Spitsbergen, og det største området med samanhengande frodig vegetasjon på heile Svalbard. Parken femner også store våtmarksområde i nedre Reindalen, og den rike kystsletta på Nordenskioldkysten. Dette er viktige leveområde for mellom anna rein, sjøfugl og gjess.

For å forstå kvifor vi no utvidar nasjonalparken, må vi sjå attende på kva som har endra seg dei siste tiåra, og korleis dette har gitt oss nye utfordringar.

Ei stor utfordring er klimaendringane, som no skjer raskare her på Svalbard enn nokon annan stad i verda. Det er ei verdsrekord vi kunne klart oss utan. Desse endringane trugar mange artar som er avhengige av kaldt klima og is, slik som ringselen og isbjørnen.

I tillegg har vi langtransporterte miljøgifter, som kjem med vinden og havstraumane frå sør, og som er ei ekstra påkjenning for artane på toppen av næringskjeda. Også her er isbjørnen særskilt sårbar.

Sist, men ikkje minst har ferdsla i naturen auka kraftig, blant anna som følge av rask vekst i turismen på Svalbard.

Når vi regulerer ferdsel og inngrep, og tek stilling til kva område som treng særskilt vern, må vi ta omsyn til at klimaendringane endrar naturtilhøva, og gjer mange artar meir sårbare for forstyrring og inngrep. Dette er klimatilpassing av naturforvaltinga, og særskilt viktig på Svalbard, der endringane skjer mykje raskare enn på fastlandet.

Regjeringas mål er at Svalbard skal vera eit av dei beste forvalta villmarksområda i verda. Det krev at vi set i verk tiltak for å handtere klimaendringar og det presset aukande ferdsel fører med seg. Vernet av Van Mijenfjorden og områda rundt sikrar viktige leveområde for klimasårbare og isavhengige artar som ringsel og isbjørn, og er soleis ein direkte respons på dette

Van Mijen-fjorden er ein spesiell fjord. Akseløya ligg på tvers ytterst i fjorden og hindrar varmt atlantehavsvatn frå å trenge inn. Blant alle fjordane på vestkysten er det i Van Mijenfjorden at sjøisen truleg vil halde seg lengst etter kvart som klimaet blir varmare. Ein kan såleis rekne med at denne fjorden blir viktigare som leveområde for ringsel og isbjørn på vestsida av Svalbard i framtida, etter kvart som det blir stadig mindre sjøis i andre fjordområde. Dette er det vi på godt nynorsk kallar eit "klima-refugie". I slike klimatiske "nødhamner" er det særskilt viktig at dyrelivet blir skjerma mot forstyrringar og annan negativ påverknad.

Det er ikkje ofte vi opnar ein nasjonalpark i eit tidlegare gruvesamfunn. Truleg har det berre skjedd ein gong før, då tidlegare Hjerkinns skytefelt blei innlemma i Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark, rett ved gamle Tverrfjellet gruver. Men det er nettopp den omfattande oppryddinga og restaureringa av naturen i dei tidlegare gruveområda her i Svea som har gjort det mogeleg å inkludere også det meste av desse områda i den utvida nasjonalparken. Her er det gjort ein fantastisk innsats, ikkje minst frå Store Norske og dei tilsette i selskapet.

Eg har stor forståing at det er vemodig å slette spora etter eigen arbeidsplass og eit samfunn ein har vorte glad i. Men no, når tida for koldrifta er omme, står det stor respekt av den jobben som blir gjort for å rydde opp og gi området tilbake til naturen.

At det meste av dei tidlegare gruveområda i Svea no kan bli innlemma i nasjonalparken, viser at restaurering av natur og økosystem nyttar, både her og på Dovrefjell. Vi er no inne i FNs tiår for økosystemrestaurering. Desse to eksempla viser at Noreg tek slik restaurering på alvor og at vi har vilje til å bruke ressursar på dette. På Svalbard er slik opprydding og eit uttrykk for dei strenge krava som miljøregelverket sett, og målet om å bevare omfanget av villmarksprega område.

Eit vern av Van Mijenfjorden er naudsynt først og fremst av omsyn til naturen og det sårbare dyrelivet. Samtidig veit vi at ferdsel og tilgang til hytter ved fjorden er viktige for lokalbefolkninga, og at også det organiserte reiselivet nyttar området.

Dette er tatt omsyn til i utforminga av regelverket. Sjølv om det vil vere eit generelt forbod mot motorisert ferdsel på fjordisen etter 1. mars, vil det likevel vere tillate med nødvendig motorferdsel på sjøisen langs land på nordsida av fjorden for både fastbuande og organiserte turopplegg. For fastbuande vil det og vere tillate med nødvendig motorferdsel på sjøisen til hytter og for å krysse fjorden. Det er berre i dei aller viktigaste områda for dyrelivet i Rindersbukta og heilt ytterst i fjorden, som vil vere heilt stengde for motorferdsel etter 1. mars og fram til fjordisen forsvinn.

Eg har soleis trua på at dette er eit vern som vil sikre området og dyrelivet mot inngrep og forstyrring, men som ikkje er strengare enn at folk og reiseliv på Svalbard vil kunne leve godt med det.

Og med den trua erklærer eg Van Mijenfjorden nasjonalpark for opna!